Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak, i følge forskrift, leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen sitt samla budsjett for 2014 vert vedteke.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" er det gjeve slik tilråding:

- *Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.*

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre".

Budsjettframlegget er delt inn i: utgifter til kontrollutvalet, kjøp av sekretariat- og revisjonsteneste.

Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført som i inneverande år. Budsjettet bygger ein aktivitet i utvalet som tidligare år med fire møter i året. I 2013 har utvalet planlagt 5 møter. Kontrollutvalet har møta sine på rådhuset om kvelden, og det er såleis ikkje lagt inn midlar til leige av lokalar. Ingen møtemat er budsjettert. Det er lagt inn midlar til å sende ein representant til kurs/møte. Dette er mindre enn det andre kommunar gjer.

Budsjett for kjøp av sekretariatsteneste

Sveio kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariatstenestene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2014 i møte 07.05.13. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det står at det betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk. Kostnadene for Sveio neste år er sett til kr 147.000, som ei auke med 4 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

Budsjett for revisjonsteneste

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris av KPMG AS. I anbudet blei det lagt opp til opsjon for kjøp av timer til forvaltningsrevisjon og andre kontroller med opptil **150 timer pr år**. For 2014 bør det då budsjetterast med **kr 355.000** til kjøp av revisjonstenester, då det i rammeavtalen er tatt inn rett for leverandør til å auke timeprisen årleg i takt mesd SSBs konsumprisindeks.

Forvaltningsprosjekt innan kommunar på Sveio si storleik, kan ligga på om lag kr 200 000,- eks. moms. Dette er eit anslag vurdert ut frå andre kommunar Sveio kan samanlikna seg med. Kostnad med eit prosjekt vil avhenge av kva ein bestilling inneheld.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt/selskapskontrollar, og at dei er nyttige for kommunen, krevst det at er tilstrekkelege økonomiske ressursar.

Frå rapporten "**85 tilrådingar**" bør ein merke seg:

"Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.

Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.

Kommunestyret må såleis ta stilling til om det er vilje til å gje kontrollutvalet tilstrekkelege rammer for å gjennomføra sine oppgåver, i tråd med lovverket og tilrådingane på ein god måte. Dette må gjelda både rekneskapsrevisjon, prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

I budsjettet for 2013 vedtok Sveio kommunestyre å kutte budsjettposten til kjøp av revisjon frå kr 355.000 til kr 300.000.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2014, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i 0. Det er sett opp eit samla budsjett på kr 550.000 eks mva for kontroll og tilsyn for 2014.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørgja for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 550.000 eks mva** for 2014 fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	48.000
Kjøp av sekretærtjeneste	kr	147.000
Kjøp av revisjonstjeneste	kr	355.000

Aksdal, 10.09.13

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE BUDSJETT 2014 INTERNT TILSYN OG KONTROLL

KOSTRA ART	TEKST	KONTR.- UTVAL	HKS IKS SEKR.	REVISOR (RR, FR, SK)	FRAMLEGG TILSYN OG KONTROLL 2014	UTVALET SITT FRAMLEGG 2013	Merkn ader
10801	Godtgjersle medlemmene	26 000			26 000	27 995	1
10802	Tapt arbeids- forteneste	2 000			2 000	-	2
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 948			4 000	3 947	3
0	Lønsutgifter	31 948	-	-	32 000	31 942	
11151	Bevertning	-			-	1 000	4
11205	Utgiftsdekn.,hotell, opphold, reise	-			-	-	5
11500	Kurs og opplæring	10 000			10 000	25 000	6
11601	Skyss- og kostgodtgjersle	2 000			2 000	2 000	7
11950	Kontingent FFK	4 000			4 000	3 500	8
1	Andre utgifter	16 000	-	-	16 000	31 500	
13700	Kjøp fra andre (private) KPMG			355 000		355 000	9
13750	kjøp av sekr.ten frå IKS		147 000			141 000	10
3	Kjøp av tenester		147 000	355 000	502 000		
	TOTALT	47 948	147 000	355 000	550 000	559 442	

Merknader:

- Kontrollutvalet har 5 faste medlemmer. Det er rekna 5 møte i året
- Tapt arbeidsforteneste er sett til kr 2000.
- Arbeidsgjevaravgift er rekna med 14,1%.
- Kontrollutvalet har vald å kutte servering på møta.
- Kontrollutvalet sine møte er fra 01.07.13 opne. Kunngjering skjer via nettsider.
- Kurs/konferanser er viktig for å halde seg oppdatert.
- I følge innleverte lister og evt. kjøring til kurs/konferanser
- Sveio er med i Forum for kontroll og tilsyn. Kontingent er kr 3500 pr år for kommunar over 5000 innbyggjarar
- Summen skal dekke rekneskapsrevisjon (fastpris), forvaltningsrevisjon og selskapskontroll (etter tinging av KU).
- Budsjettet sum for kontrollutvalssekretariatet er vedteke av repr.skap i mai 2013
Summen dekkar sakshandsaming for kontrollutvalet og møteavvikling

oversendt 09.02.13 fra Siv.B.Rasmussen i.h.t. avtale m/ordfører

Sveio Budsjettrapport: Revisjon og kontrollutval: Konsekvensjustert budsjett

	Beskrivelse	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014
10010	Revisjon og kontrollutval			
1.10800.1100.0	Godtgjersle folkevalde	0	0	20 000
1.10802.1100.0	Tapt arbeidsforteneste folkevalde	0	0	2 000
1.10906.1100.0	Pensjon DNB	0	0	4 000
1.10990.1100.0	Arbeidsgjevaravgift	0	0	4 000
1.11205.1100.0	Utgiftsdekning, hotell, opphold, reise ikkj	0	0	2 000
1.11500.1100.0	Kursavgifter, opplæring - ikkje oppgavepli	0	0	5 000
1.11600.1100.0	Kost, opphald, resieutgifter, oppgplikti	0	0	2 000
1.11601.1100.0	Køregodtgjersle	0	0	3 000
1.11951.1100.0	Kontingentar	0	0	20 000
1.13501.1100.0	Interkommunale samarbeidstiltak	0	150	150 000
1.13700.1100.0	Driftsavtalar med private/tilskott til læ	0	300	188 000
1.14290.1100.0	Merverdiavgift utenfor mva-loven	0	0	90 000
1.17290.1100.0	Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskap	0	0	-90 000
	Sum alle arter	0	0	400 000

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	17.09.13	23/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2013

Vedlegg: Revisor si egenerklæring, dagsett 10.09.13

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følge revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg egenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Revisor gjer der greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at ho ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Sveio kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar den framlagde egenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge. KPMG as til orientering.

Aksdal, 10.09.13

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Sveio kommune

Egenvurdering av uavhengighet, jf forskrift om revisjon §15

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. KommuneLOven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller LOven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolLOven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold

Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.

Pkt. 2: Medlem i styrende organer

Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.

Pkt. 4: Nærstående

Undertegnede har ingen nærstående som har slik tilknytning til Sveio kommune at det kan svekke uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet

Undertegnede yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Sveio kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet

Pkt. 6: Tjenester under Sveio kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver

Undertegnede yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.


Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige

Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Sveio kommune.

Pkt. 8: Andre særegne forhold

Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet.

Haugesund, 10.09.2013
KPMG AS



Willy Hauge
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	17.09.13	24/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPSÅRET 2012

Vedlegg: KPMG sitt brev nr 1 – 2012 Sveio (årsoppgjersbrev, dagsett 27.09.13)

Bakgrunn

Etter forskrift § 8 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir fulgt opp:

«Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, , skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. «

Grunnlaget for handsaminga av Sveio kommune sitt årsrekneskap for 2012 var rekneskapen med notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding dagsett 12.04.13. Revisor sitt årsoppgjersbrev mangla og det blei møtet 16.04.13 under sak 11/13 protokollert at brevet var ikkje ferdig utarbeida, men ville bli lagt fram for utvalet i juni.

Totalt sett blei rekneskapen for 2012 gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk (driftsunderskot) på kr 600.093,61 og eit underskott i investering på kr 6.423.731.

KPMG la fram si revisjonsmelding innenfor lovfastsett frist 15. april. Revisor hadde såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar.

Sekretariatet skrev i saksframlegget at kontrollutvalet måtte vurdere om dei ville ha tilbakemelding frå administrasjonen på det revisjonen tok opp i eit eventuelt årsoppgjersnotat. Sekretariatet gjorde framlegg om det og kontrollutvalet vedtok samrøystes i sak 11/13:

Kontrollutvalet i Sveio har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2012 og vedtek uttale slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er fulgd opp.

Årsoppgjersbrevet, dagsett 27.08.13, er nå oversendt leiinga i kommunen, og kopi til kontrollutvalet motteken i sekretariatet 10.09.13.

Forhold som tas opp i brevet er følgjande:

- manglande overordna økonomireglement,
- etterlyser betre rutinar for betaling frå kommunens bankkonti,
- leinga bør sjå på administratorretten i økonomisystemet,
- betre rutinene rundt oppfølging ved investeringsprosjekt,
- innføre internfakturer av gebyr ved oppmåling, planlegging og feiing innanfor sjølkostområdet og
- manglande rutinar for intern kontroll

Revisor vil også gje ein muntleg orientering til utvalet. Opplysningane som kommer fram i møtet kan vere unntatt offentlegheit og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhold av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5.

Kontrollutvalet bør som følgje det kommer fram i brevet sette nye frist for tilbakemelding om kva leinga vil gjere med merknadene.

Neste møte i kontrollutvalet er etter møteplanen 19.11.13 og sekretariatet vil gjere framlegg om at frist vert sett til 01.11.13

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vil be rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.11.13 på korleis merknadene i revisor sitt årsoppgjersbrev for 2012 er følgd opp.

Aksdal, 10.09.13



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

VEDLEGG

SAK

24/13

Sveio kommune
Heidi Sunde
Sveiogata 70
5550 SVEIO

Dykkar ref

Vår ref TK

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 10.09.13
Journalført: 13/286-112
Arkivkode: 151

27. august 2013

Sveio kommune - brev nr. 1 - 2012

Vi har nå revidert eit årsoppgjør for Sveio kommune og ønskjer i den anledning å gje våre innspel og kommentarar til leiinga i selskapet ved revisjonen for 2012.

Formålet med revisjon er å uttale oss om rekneskapen på grunnlag av det revisjonsarbeidet vi har utført. Vi har testa utvalde deler av kommunens rutinar. Desse testane må ikkje oppfattast som testar for å avdekke feil eller uregelmessigheter som er uvesentlige for rekneskapen. Av denne grunn kan mislegheter på grunnlag av svakheiter i rekneskapssystem og den interne kontrollen skje utan at våre testar likevel avdekker desse.

Vi har ved vår revisjon ikkje registrert forhold som vi meiner er av ein så vesentleg karakter at dei umiddelbart treng ei oppfølging frå leiinga i kommunen. Vi har likevel sett områder der kommunen bør vurdere å endre sine rutinar. Dei forholda er oppsummert nedanfor.

Samordna økonomireglement

Ved vår gjennomgang av delar av kommunens rutinar rundt registrering av ordre, fakturering og bokføring i hovudbok viser det seg at fleire av rutinane er manuelle og manglar ein overordna rutine i eit samla økonomireglement.

Risikoen ved manuelle system og at man ikkje har eit samla overordna økonomireglement gjer at kommunen blir svært avhengig av nøkkelpersonar.

Vi vil anbefale kommunen å automatisere sine rutinar og utarbeide eit overordna økonomireglement.

Offices in

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knarvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Straume
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Roros	Alesund
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.

Rutinar for betaling frå kommunen bankkonti

Rutinen rundt remittering og utbetaling er at same person som legg til rette for betaling ikkje utfører betalinga frå kommunes bankkonto. Uavhengig av korleis rutinane utføres i dag er det ikkje lagt sperre slik at ein transaksjon stoppes om same person legg til rette og utfører ei betaling. Alle ved økonomiavdelinga har rett til å foreta utbetaling frå kommunens driftskonti.

Manglande arbeidsdeling vil alltid innebære ein risiko for uautoriserte transaksjonar. Sjølv om selskapet har ein liten administrasjon bør ein ha en klar arbeidsdeling rundt innregistrering og betaling frå bank og leggje inn sperre i systemet for å hindre at ein person kan utføre fleire transaksjonar.

Vi anbefalar at kommunen endrar sin rutine slik at den som legg til rette for betaling og bokfører treng godkjenning frå ein person til ved utbetaling frå kommunens driftskonti.

Administratorrett i økonomisystemet

Økonomisjef, rekneskapssjef og ein økonomikonsulent har administratorrett til fleire applikasjonssystem mellom anna Faktura, Fakturering, HRM, Økonomi og budsjettering. Dei kan registrere inn bilag, bokføre bilag og leggje tilrette grunnlag til betaling frå kommunens bankkonto.

Personar med administratorrett har store fullmakter og utgjør ein risiko ved kontrollmiljøet. Personar med administratorrett bør delast på ulike ansvarsområder. Ein bør vurdere å setje inn arbeidsdeling til dømes mellom innregistrering/fakturering og avstemming/utbetaling. Der fleire treng administratorrett bør ein redusere retten slik at slike personar uansett ikkje kan leggje til rette grunnlag og godkjenne utbetaling frå bank åleine.

Vi vil oppmode kommunen til å gå igjennom registrert administratorrett i økonomisystemet og om ein har lagt til rette for hensiktsmessig arbeidsdeling. Dei som tilrettelegg grunnlag for betaling eller godkjenn utbetaling frå bank bør om mogeleg ikkje ha administratorrett i økonomisystemet.

Rutiner rundt oppfølging av investeringsprosjekt

Investeringsrekneskapen viser ved avslutninga for 2012 ei udekket finansiering på 6,4 MNOK for prosjekt 34235 Ekrene næringspark. Prosjektets finansiering blei vedteke av KS 13/2013. Ein årsak til overskridinga skuldast manglande prosjektoppfølgning. Kommunen utarbeidar årleg eit prosjektoversyn for pågåande prosjekt med finansiering årleg.

Vi vil oppmode kommunen om betre oppfølging av kommunens investeringsprosjekt med rapportering av prosjektframdrift og finansiering til dømes ved tertial rapportering.

Gebyr ved oppmåling, planlegging og feiing innenfor sjølvkostområdet

For sjølvkosttenestene er det slik at kommunen ikkje kan ta seg meir betalt enn sjølvkost frå brukarane. Vidare er det slik at dette i prinsippet gjeld i høve til den enkelte brukaren, slik at det ikkje er høve til systematisk kryss-subsidiering ved at sjølvkost for kommunen vert belasta andre brukarar.

Det følger av dette at kommunen må ha eit system som sikrar at ikkje kostnadene ved å levere tenester til kommunen vert belasta øvrige brukarar. Dette kan ein oppnå anten ved å internfakturere kommunen på lik linje med øvrige brukarar eller ved å gjere kostnadsfordeling ved utrekning av sjølvkost som sikrar at kostnader ved å yte tenestene til kommunen ikkje vert belasta øvrige brukarar.

Vi reknar med at internfakturering er det mest praktiske. Om ein ikkje fakturerer kommunen, så må ein sikre at sjølvkostutrekninga vert gjort slik at ikkje øvrige brukarar betaler for kommunen sin eigen bruk.

Andre forhold rundt rutinane for intern kontroll

Vi har observert at kommunen manglar rutinar for avstemming av vesentlege balansepostar, til dømes skriftlig dokumentasjon av utført avstemming av kommunes anleggsregister. Krav til dokumentasjon fylgjer av bokføringslovas § 11 for alle balansepostar som er vesentlege.

Vi takker for eit godt samarbeidet med administrasjonen i kommunen. Kommunen plikter etter bokføringslovas § 13 å oppbevare dei nummererte breva frå revisor på linje med anna regnskapsmateriale.

Om det er spørsmål eller kommentarer til forholda vi tek opp ber vi dykk kontakte oss.

Vennleg helsing
KPMG AS



Willy Hauge
Partner
Statsautorisert revisor

cc: Sveio KU

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	17.09.13	25/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

Behandlast i lukka møte - Offl. § 24/KL § 31 nr 5

REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2013

Vedlegg: Revisjonsplan Sveio kommune 2013 - Ikkje offentleg Offl. § 24/KL § 31 nr 5 .

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet.

Vedlagt følgjer KPMG sin revisjonsplan for Sveio kommune, som viser korleis revisor planlegger årets og neste års revisjon for rekneskapsåret 2013. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet.


Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, og blir derfor ikkje lagt ut på kommunen sine nettesider, men berre sendt til kontrollutvalet og administrasjonen. Revisor vil gje ein muntleg orientering til utvalet om hovodtrekka i arbeidet.

Revisor vil også gje ein muntleg orientering til utvalet. Desse opplysningane som kommer fram i møtet kan vere unntatt offentlegheit og møtet bør difor bli lukka, jfr. i medhold av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2013 til orientering.

Aksdal, 10.09.13



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær